

Hordaland Fylkesbibliotek

v/ Terje Haugsgjerd

Stord 13/12-17

Søknad om integreringsprosjektet «Rom for møter» 2018 – videreføring av det som blei gjennomført i 2017.

Stord folkebibliotek tar mål av seg til å vere aktivt med å integrera våre nye landsmenn –og kvinner. Me fekk midlar til å drive Folkeverkstad for dei mellom 8-11 år med utanlandsk bakgrunn (Dei frå Asylmottaket vil vere fyrsteprioritert) i 2017. Då hadde me 8 tysdagar med verkstad. Då nytta me oss av det digitale spelet **Osmo Genius kit: Words**. Dette hadde me god røynsle med og ønskjer å vidareføre dette arbeidet med nokre endringar på den praktiske biten. Då vil me laga 2 grupper som får vere med 4 gongar kvar. Kvar gruppe vil ha 3 norske og 3 med innvandrarbakgrunn. Kristine Thorkildsen vil fortsetja som prosjektansvarleg.

Med ønskje å utvide med eit til Osmo-spel med iPad, FlashForge Finder 3D-skriver og Polaroid Play 3D Pen. Dette utstyret vil me bruka på #girltechfesten til hausten.

Me søkjer med dette om **19 965,-** i støtte for å laga to kursrekkjer i løpet 2018.

Om Osmo Genius Kit

Osmo Genius kit er eit unikt produkt med pedagogiske spel som opnar opp for mange høver til både læring på iPad (iPad 2 og nyere). Den inneheld opplæring innan matematikk (Numbers), kunst (Tangram/ Masterpiece), engelsk (Words) og naturfag (Newton), samt ein sensor til iPad.

Budsjett

Osmo Genius Kit	1094,-
iPad Air 2 32 GB WiFi	3984,-
Polaroid Play 3D-penn	399,-
Filament PLA til Polaroid Play 3D Pen(2x249)	498,-
FlashForge Finder 3D-skriver	4990,-
Lønn/sosiale utg. (16t à kr 500,-)	8000,-
Servering/utstyr	1000,-
Totale utgifter:	19 965,-

Beste helsing

Bjørnar Withbro

Biblioteksjef ved Stord folkebibliotek